

BERGEN



HANDLINGSPLAN 2026-2027

ØYGARDEN

EIN GOD STAD Å BU, ER EIN GOD STAD Å BESØKE

Innleiing

Destinasjonsleiinga i Øygarden arbeider målretta med å utvikle Øygarden som eit berekraftig reisemål. Reiselivet er ein viktig del av lokal samfunns- og næringsutvikling, og kan bidra til verdiskaping, arbeidsplassar og levande lokalsamfunn – dersom utviklinga skjer på ein ansvarleg og langsiktig måte.

Denne handlingsplanen for perioden 2026–2027 konkretiserer korleis destinasjonsleiinga og samarbeidspartnarar vil følgje opp arbeidet med berekraftig reisemål i praksis. Planen byggjer på overordna mål i Samfunnsplanen til Øygarden kommune og [Strategisk Vegkart for reiseliv i Bergensregionen 2024-2030](#), og er tett kopla til arbeidet med kommuneplanens arealdel (KPA). Gjennom handlingsplanen blir det lagt vekt på samordning mellom reiseliv, arealbruk, natur- og kulturverdiar, lokal verdiskaping og gode lokalsamfunn.

Handlingsplanen skal vere eit operativt verktøy for samarbeid, prioritering og gjennomføring av tiltak. Den legg vekt på involvering av næringsliv, innbyggjarar og andre aktørar, og på å utvikle reiselivet i balanse med lokale behov og ressursar. Arbeidet med berekraftig reisemål er ein kontinuerleg prosess, der kunnskap, dialog og erfaringar blir nytta til å justere kurs og styrkje innsatsen over tid.

Denne handlingsplanen er gjeldande fram til utgangen av 2027, og vil ved årsskiftet bli erstatta av Handlingsplan 2028-2029.

Planen er delt inn i seks underkategoriar, lik utviklingsområda til Strategisk Vegkart for reiseliv i Bergensregionen, der til dømes satsingsområda Vinterløftet, Kulturløftet og Premiumløftet er bakt inn der det er naturleg:

1. Heilårleg reiseliv
2. Destinasjonsutvikling
3. Besøksforvalting
4. Marknadsposisjonering
5. Klima, miljø og natur
6. Samhandling og strukturar

Roller og organisering

I arbeidet med berekraftig reisemål er **destinasjonsleiinga** den overordna samordna arenaen. Destinasjonsleiinga består av representantar frå Øygarden kommune, reiselivsnæringa, Vest Næringsråd og Visit Bergen, og har ansvar for strategisk dialog, koordinering og oppfølging av tiltak i handlingsplanen.

Ressursgruppe reiseliv er tenkt som ei operativ gruppe knytt til destinasjonsleiinga gjennom Vest Næringsråd, og fungerer som møteplass for fagleg utveksling, samarbeid og utvikling av konkrete tiltak. Ressursgruppa bidreg med kompetanse og innspel frå næringa og andre relevante aktørar.

I tillegg vil ei rekkje andre aktørar bli involverte i gjennomføringa av planen der det er relevant. Dette kan mellom anna omfatte næringsliv, kulturaktørar, regionale samarbeidspartnarar og – i utvalde område – frivillig sektor og grendelag. Vidare involvering av lokale aktørar vil bli utvikla stegvis, mellom anna til dømes gjennom pilotar i område med særskilde behov for besøksforvaltning.

Forkortingar/forklaringar

ØK = Øygarden kommune

VNR = Vest Næringsråd

VB = Visit Bergen

BOF = Bergen og Omland Friluftsråd

Indikator = Som del av arbeidet til Merket for Berekraftig reisemål, som blir eigd og drifta av Innovasjon Norge, er det eit visst tal indikatorar reisemålet må svare ut. Handlingsplanen ligg tett opp mot leveransen til Merket.

NTW = Norwegian Travel Workshop. Over 800 turoperatørar og seljarar samlast over fleire dagar i Bergensregionen april 2027. Samarbeid mellom Innovasjon Norge og Visit Bergen.

1. HEILÅRLEG REISELIV

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Måloppnåing	Indikator
Kartlegge vår- og sesonguavhengige tilbud knytt til kystkultur, historie, kulturarv og mat.	Destinasjonsleiinga, næringa, ØK og VB	Kontinuerleg	Auke og spreie talet besøkande til kommunen. Meir informasjon og innhald på visitbergen.com.	C1-1, E9-3
Kartlegge behova til eigarar av fritidsbustader. Undersøking.	ØK og VB	Kontinuerleg	Styrke dialogen og relasjon til eigarar av fritidsbustader.	A1-1.3, C2-2.1, C4-4.1
Fremje Øygarden i Vinterløftet.	VB	Kontinuerleg	Fremje Øygarden som ein heilårsdestinasjon.	E9-3.4

2. DESTINASJONSUTVIKLING

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Måloppnåing	Indikator
Turistinformasjon – Sjå på moglegheiter for digital informasjon med tilvising til eksisterande sider og aktørar. Få inspirasjon og kompetanse frå andre reisemål. Vurdere mobil Turistinformasjon.	Destinasjonsleiinga, ØK og VNR	Q3 2026/2027	Tilgjengeleg informasjon til besøkande i kommunen der dei er.	C3-1.2
Oversikt over parkering til ulike friluftsområde, bubilplassar og liknande.	ØK	Pågår	Få betre oversikt over kor vi har parkeringsdekning og kor det manglar.	

Friluftslivets ferdelsårer. Kystpasset.				
Samarbeid med utdanningsinstitusjonar som til dømes VGS.	Destinasjonsleiinga, næringa, ØK og VB	Kontinuerleg	Knytte barn og ungdom på næringa med tanke på framtidig arbeidskraft, men også for ein større marknad. Kampanje sommarjobb i Vest.	D7-1, E9-2
Intern kommunikasjonsstrategi om reiselivsutvikling i Øygarden. Bodskapshus frå Innovasjon Norge.	Destinasjonsleiinga, næringa, ØK og VB	Kontinuerleg	Breiare kommunikasjon om kva vi ønskjer, mål og retning til målgrupper.	A1-1.13, D6-1.3, D6-1.4, E9-2.3
Berekraftig reisemål i alt vi gjer.	Destinasjonsleiinga, næringa, ØK og VB	Kontinuerleg	Bevisstgjeriing og kontinuerleg arbeid.	B1-2.2
Ha eit større fokus på «punkt-destinasjonsutvikling», t.d. utvikle Kystmuseet frå «berre» museum til destinasjon.	ØK, VBM, Innovasjon Norge, næringar	Kontinuerleg	Hjelper aktørar med utvikling av destinasjonen.	A, D

3. BESØKSFORVALTING

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Måloppnåing	Indikator
Skiltplan for Øygarden, Ro- og padleprosjektet.	ØK og BOF	Q2 2026	Betre skilting og informasjon om Ro- og padleprosjektet. Særskild merksemd på risikoområde.	B1-3.2, C1-1.2, D6-1.4, E9-3.4
Skilting generelt – jamleg arbeid.	ØK, VB og destinasjonsleiinga	Kontinuerleg	Betre skilting og informasjon. Kartlegging og prioriteringar. Universell utforming.	B1-3.2, C1-1.2, D6-1.4, D8-3.1, E9-3.4
Besøksforvalting i planar, til dømes fram mot vedtak av ny KPA i 2027.	Destinasjonsleiinga, ØK og VB	Kontinuerleg	Sikre at kommunen og andre relevante aktørar har fokus på reiseliv i utvikling av planar. Universell utforming.	C2-2, D8-3.1
Innbyggjarinvolvering i område med press (t.d. Glesvær): Dialogmøte, medverknad i plan, ABCD metode og liknande.	Destinasjonsleiinga, ØK, VB	Kontinuerleg	Samarbeid og involvering av innbyggjarar.	A1-1.3, C3-2.1, C4-4.3, D5-1.4, D6-1.3
Synleggjere og gjere tilgjengeleg digitale kart.	ØK og andre aktørar som har digitale kart	Kontinuerleg	Lettare tilgjengeleg for alle. Kartlegging og prioriteringar. Universell utforming.	B1-3.2, C1-1.2, D6-1.4, D8-3.1, E9-3.4

4. MARKNADSPOSISJONERING

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Måloppnåing	Indikator
Jobbe med messe- og konferansemarknad – MICE.	Destinasjonsleiing, næringa, ØK, VNR og VB	Kontinuerleg	Skape heilårsmarknad der lokale aktørar er involvert.	E10-3.1
Fremje Øygarden i Kulturløftet.	Frivillege, næringsaktørar og VB	Kontinuerleg	Enno større fokus på Øygarden som ein kyst-, kultur og mataktør.	C og D
Vurdere Øygarden som del av premiumløftet. Til dømes Porsvika 125, Villa Vestre, Cornelius og Panorama Hotell & Resort.	VB og enkelte næringsaktørar.	Q2 2027	Sjå på moglegheiter for Øygarden si rolle inn mot premiumsatsinga til VB.	E9-3.2
Arrangere NTW 2027	VB	Q2 2027	Vise fram Øygarden som reisemål i samband med NTW og satse på heilårsmarknad.	E10-3.1
Visningsturar og vertsskap.	VB, andre relevante aktørar	To visningsturar for bransjen Q3 2026 Minimum ein visningstur i 2027	Vise fram Øygarden som reisemål og satse på heilårsmarknad.	E10-3.1

5. KLIMA, MILJØ OG NATUR

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Måloppnåing	Indikator
Miljøsertifisere fem nye aktørar.	VB, VNR og ØK	Q4 2027	Auke talet sertifiseringar.	C4-1.3, C4-1.5
Miljøsertifisere Øygarden kommune.	ØK	Q3 2027	Kommunen skal miljøsertifisere det nye rådhuset.	C4-1.2
Kartlegge og synleggjere sirkulære initiativ innan reiselivet.	VB og destinasjonsleiing	Q4 2027	Eit betre tilbod inn mot sirkulære initiativ som eit tilskot inn i verdiskaping.	D7-2.1

6. SAMHANDLING OG STRUKTURAR

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Måloppnåing	Indikator
Destinasjonsleiing med kommune, næringsråd, næringsliv, kultur og frivillige.	Visit Bergen, Øygarden kommune og Vest Næringsråd	Etablert, men treng representasjon frå kultur og frivillig sektor.	Råd etablert og møtast jamleg. Minimum fire gonger i året.	A1-1.1
Etablere Ressursgruppe reiseliv i Vest Næringsråd.	VNR i samråd med medlemmar	Q3 2026	Jamlege møte om samarbeid og destinasjonsutvikling.	A1-2.2, E9-3.4
Samle aktørar/lag innan aktivitetar med mål om å pilotere ein «aktivitetsmeny» for gjestar (geografisk). Viser til dokumentet kvalitative ringverknader for reiselivet i Øygarden.	Ressursgruppe VNR, næringa og VB	Q1 2027	Gjere det enklare for gjestar å finne fleire aktivitetar og bli over fleire dagar.	C3-1.2, E9-2.3, E9-3.2, E9-3.3, E9-3.4

Arbeide med remerking.	VB, destinasjonsleiing og ressursgruppe	Kontinuerleg	Remerking.	B1-2.2
Tilby kompetansehevande kurs/samlingar/delingsarena. Til dømes Kick-off, inspirasjonssamlingar og kurs.	VB, ØK og VNR	2026-2027	Samle næringa, fasilitere for arenaer for samhandling og samarbeid.	D7-1.3

I perioden 2026-2027 vil særleg tre område ha prioritet:

1. Vidareutvikling av destinasjonsleiinga
2. Besøksforvalting i samspel med KPA og Strategisk Vegkart for reiseliv i Bergensregionen 2024-2030
3. Styrking av berekraftig praksis i næringa

Prioriteringane skal bidra til fokus og gjennomføring i perioden, samstundes som handlingsplanen gir rom for justeringar og vidare utvikling i samspel med aktuelle aktørar.

Gjest-, innbyggjar-, og medlemsundersøkingane vil bli gjennomført i 2028.